



KINN KOMMUNE  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eirik Brynjelsen, 55 57 21 70  
Siri Erdal, 55 57 22 83  
Janne Weltzien Listhaug, 55 57 21 39  
Arve Meidell, 55 57 21 10  
Hilde Solend Vindedal, 55 57 23 38  
Jan Vidar Voster, 55 57 23 07

## Fråsegn - Kinn - kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi

Vi viser til brev av 10.03.23 og til høyring av planprogram for revisjon av planstrategi og samfunnsdel til kommuneplanen for Kinn. Frist for å kome med uttale er sett til 28.04.23

### Vurdering:

Det er positivt at dokumenta er digitale og i eit nyskapande format, men vi tykkjer likevel det har vore utfordrande å gå gjennom programma i det digitale formatet på kommunen si heimeside. Vi er såleis takksame for at kommunen har ettersendt desse dokumenta som pdf-format.

Når det gjeld kommunal planstrategi, er det er eit viktig hjelpemiddel for kommunen til å trekkja opp dei viktigaste utfordringane for lokal samfunnsutvikling, og til å prioritera og målretta planlegginga. I § 10-1 i plan- og bygningslova er det omtala kva ein planstrategi bør innehalda; «*Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden*».

Ein sentral del av arbeidet med planstrategien vil vera å leggja grunnlaget for revisjon av samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Vi tykkjer difor det er positivt at Kinn har laga ei tidsbestemt oversikt over kva planar som skal utarbeidast i planstrategiperioden. Sidan det er fleire planar som skal utarbeidast, er det viktig at kommunen går inn i rolla ein har som samfunnsutviklar. Denne rolla inneber at ein gjev ei tydeleg retning og samordnar verkemiddel og offentleg innsats for å løysa dei omfattande oppgåvene de står framfor og vil møta i dei nærmaste åra. Kommunen bør drøfta grunnleggjande og tunge trekk ved samfunnsutviklinga i kommunen og eventuelt i regionen.

Alle kommunar vert råka av krevjande demografisk utvikling. I mange distriktskommunar er det i tillegg negativ folketalsutvikling, vanskar med å rekruttera nøkkelkompetanse på mange fagfelt og



krevjande økonomiske utsikter. Kommunen bør difor, med utgangspunkt i fakta og prognoser for utviklinga, danne dykk eit reelt utfordringsbilete. Til hjelp for ei slik vurdering/analyse kan kommunen m.a. bruke Ekspertutvalet (kommunereforma) sine tilrådde kriteria sett i samanheng med samfunnsmessige omsyn, som angir kva som skal til for at ein kommune på ein god måte skal kunne ta i vare sine oppgåver og roller som tenesteytar, myndigheitsutøvar og samfunnsutviklar.

### **Planstrategi**

I arbeidet med planstrategien er det viktig at kommunen ser på utviklingstrekk og utfordringar som følge av klimaet i dag og i framtida. Planstrategien må omtale behovet for oppdatering av eksisterande eller utarbeiding av nye planar som følge av venta klimaendringar. I tråd med [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) må kommunen i arbeidet med planstrategien gjere ein vurdering om omsynet til eit endra klima inneberer behov for oppheving eller revisjon av gjeldande planar.

### **Nasjonale og regionale forventningar**

Regjeringa gjorde våren 2019 vedtak om *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Forventningane skal leggest til grunn for utarbeiding av ny kommunal planstrategi og vere førande for planlegginga dei neste fire åra i kommunen.

Regjeringa peikar ut fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape et økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa vil at dei 17 berekraftmåla til FN skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla skal vera ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Samfunnsdelen til kommuneplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og som organisasjon, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 11-2. Det er lova si ordning at dei overordna og førande plandokumenta skal sjåast i samanheng.

Kinn ønskjer ei berekraftig samfunnsutvikling i tråd med den demografiske utviklinga Innbyggjarane og næringslivet sitt klima-fotavtrykk. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen skal kommunen vektleggja viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjera dei strategiske val kommunen tek. Kinn har i samsvar med overordna føringar definert tre innsatsområde for revisjon av samfunnsdelen og fram mot 2036:

Fokusområda som er valt ut er:

- ♣ Omstilling i oppvekst med fokus på økonomi, demografi, førebygging, samskaping og inkludering
- ♣ Omstilling i helse og velferd med fokus på økonomi, demografi, samskaping, redusert tilgjengeleg arbeidskraft og auka behov for tenester
- ♣ Omstilling i samfunn, kultur og miljø med fokus på økonomi, demografi og berekraftig samfunnsutvikling



Eit viktig prinsipp er at samfunnsdelen ikkje skal vera meir omfattande enn naudsynt og leggja vekt på tilpassing til kommunen sitt behov. Samfunnsdelen er spissa på desse satsingsområda, og det er formulert konkrete mål og strategiar for gjennomføring. Kjenneteikn på gode strategiar er at dei kan definerast konkret og vera målbare, oppnåelege, realistiske og tidsbestemte. Etter vår vurdering, verkar det litt uklårt om kommunen har konkretisert strategiane i slik grad at dei vil vera mogleg å gjennomføra. Kinn kommune har lagt vekt på å forklara kva punkt dei ønskjer å ha med i samfunnsdelen, framfor kva retning dei ikkje vel. Vi rår til at dei ulike målsettingane blir godt utgreidde, ikkje berre med tanke på kva som skal gjerast, men også korleis. Her viser vi til rettleiar T-1492 om kommuneplanprosessen samfunnsdel som vektlegg både prioriterte satsingsområde, mål og i tillegg strategiar.

Noverande samfunnsdel for Kinn kommune vart utarbeidd i 2020, før dei tre store temaplanane for oppvekst, helse og velferd og klima, miljø og naturmangfald vart utarbeidd. Kommunen ser at dei no har store utfordringar knytt til demografi og økonomiske rammeføresetnader og det er difor naudsynt å revidera samfunnsdelen for å møte desse utfordringane. Revisjonen skal i større grad ta inn økonomisk handlingsrom som premiss for utvikling av kommunen. Vi konstaterer at FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn til samfunnsplanen. Berekraftsmåla er kort omtala under kapittel to, men vi kan elles ikkje sjå at dei vert referert til i planen.

Under har vi kommentarar og innspel knytt til viktige fagområde som kommunen bør leggja til grunn i sitt vidare arbeid:

### **Aldersvenlege samfunn og kompetanse**

Kinn ventar ein betydeleg vekst i innbyggjarar over 80 år, og at aldersbereeina går ned. Samfunnsdelen har berekraftig samfunnsutvikling i tråd med den demografiske utfordringa, som eitt av innsatsområda. Det er positivt at kommunen set aldersvenleg samfunnsutvikling på agendaen i samfunnsplanen, og skal jobbe med livsmeistring i alle aldrar. Av utfordringar de skal jobba vidare med, peikar de også på mangel på arbeidskraft og kompetanse og organisering av tenestene. Kompetanse og rekruttering, spesielt i helse- og omsorgstenestene, bør løftast inn i samfunnsdelen til kommuneplanen.

### **Barn og unge:**

Folkehelseoversikta peikar på psykisk helse som ei hovudutfordring. Oversikta viser at fleire ungdommar ikkje er nøgde med eiga helse. Fleire rapporterer om daglege fysiske og psykiske helseplagar, og 31 prosent av elevane i vidaregåande skule har ganske eller veldig mykje plager med søvn. Kinn ligg også signifikant dårlegare enn landssnittet når det kjem til overvekt og fedme. Og de har utfordringar med leseferdigheitene på 5. og 8. trinn.

Ifølgje planprogrammet skal de jobba med å hindra utanforskap gjennom å tenkja i eit livsløps-perspektiv og skapa trygge overgangar, og livsmeistring i alle aldrar, og vidare førebygge at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Vi reknar med at det vidare planarbeidet også tek opp i seg utfordringane kring psykisk helse. Å sikra gode oppvekstvilkår er sentralt i dei nasjonale føringane. Kommunen må sikra at barn og unge har moglegheiter og utfordringar som gir ein meningsfylt oppvekst, utan omsyn til bustad, sosial og kulturell bakgrunn, jf.

[Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.](#)

Gode oppvekstvilkår kan også sjåast i samanheng med styrka arbeid med førebygging og tidleg innsats. Barnevernslova viser til at kommunen skal fremja gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebyggja at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, og må syte for



å samordna tenestetilbodet til barn og familiar. Vidare skal kommunestyret sjølv vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen. Det er positivt at de løftar dette inn i samfunnsdelen.

### **Bustadsosialt arbeid:**

Det er viktig at det i kommuneplanen sin samfunnsdel, vert understreka tydelege behov for å planleggja og leggja til rette for bustadar for alle ulike grupper i kommunen, også for dei som vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg bør det understrekast at bustadsosialt arbeid ovanfor fleire av desse gruppene føreset tverrfagleg samhandling internt i kommunen.

Det er i planprogrammet vist til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Her vil Statsforvaltaren vise spesielt til kap. 4, »Byer og tettstader der det er godt å bu og leve». Statsforvaltaren vil i tillegg oppmoda til at kommunen tar med føringane i strategien «Alle trenger et trygt hjem» Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024 i det vidare arbeidet med planen.

Lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, trer i kraft 01.07.2023. Denne lova set krav om at kommunen har ei oversikt over behovet for både ordinære og eigna bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Vidare at kommunen har fastsett mål og strategiar på for det bustadsosiale arbeidet i kommuneplanen.

Vidare skal kommunen i sitt bustadsosiale arbeid syta for samarbeid på tvers av sektorar og samordning av sine tenester. Kommunen skal også samarbeida med andre offentlege aktørar som kan bidra til arbeidet for vanskelegstilte på bustadmarkeden (jf. § 5 1. ledd).

### **Folkehelse og sosial ulikskap i helse:**

Det er utarbeidd folkehelseoversikt og eit grunnlagsdokument for revisjon av planstrategien og samfunnsdelen til Kinn kommune. Folkehelse og utjamning av sosiale helseskilnader. Kinn har revidert folkehelseoversiktsdokumentet i 2023, og det ligg som grunnlagsdokument for planprogrammet. Folkehelseoversikta peikar på fire hovudutfordringar - sosial ulikskap, fysisk aktivitet og overvekt/fedme, psykisk helse og demografi.

Utfordringsbiletet viser til at Kinn ligg høgt på delen utanforskap for personar mellom 15 og 19 år, og har ein auke i personar med uføretrygd. Når det kjem til låginntektshushald, ligg Kinn på nivå med Vestland, og det same gjeld også einslege forsørgjarar. Det er sentralt at kommunen løftar tematikken om å hindra utanforskap inn i samfunnsdelen til kommuneplanen som de listar opp fleire stader under innsatsområda, i kunnskapsgrunnlaget.

Utjamning av sosial ulikskap i helse er sentralt i folkehelselova og i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Det heng også tett saman med sosialt berekraftige samfunn. Kommunane må planleggja aktivt for å motverka og førebyggja levekårsutfordringar, sikra gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga og ta hand om interessene til barn og unge. Dette skal skje gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsfremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining. Vi ventar at de løftar og diskuterer utfordringsbiletet i planstrategien, og vidare set strategiar og mål i kommuneplanarbeidet, som kan svare på utfordringsbiletet dykkar. [Vi viser her til rettleiar for eit systematisk folkehelsearbeid.](#)

### **Landbruk:**

Kinn er ein relativt stor landbrukskommune i Vestland målt ut ifrå jordbruksareal, med sine drygt 30.000 dekar mellom dei 10-12 største i fylket. Men over halvparten av dette er innmarksbeite, ein



kategori jordbruksareal som tel like mykje i jordvernstatistikken som dyrka mark, men som ofte vert tillagt låg verdi i plan- og utbyggingssaker. Ikkje minst i dei ytre kystkommunane, der landbruksdrifta ofte er sterkt redusert, og mest konsentrert, i indre fjord- og dalstrok der den beste dyrka marka oftast finst. Kinn har også relativt store areal i drift også ute i øyane, som på Askrova, Reksta og ikkje minst Måløy. Dette er ein viktig del av kystkulturen og ramme for bumiljø og oppleving som mange stader langs kysten er i ferd med å tapast.

Jordbruket i Kinn består i hovudsak av grasbasert husdyrhald, der sauehaldet er dominerande i areal og bruk, med om lag 5.300 vinterfôra sauer fordelt på drygt 100 bruk. Målt i verdiskaping utgjør derimot mjølke- og ammekubruka omtrent dobbelt så mykje som sauehaldet. Med bakgrunn i dette saknar Statsforvaltaren at Kinn kommune i planprogrammet, førebels ikkje set noko spesielt fokus på landbruket i kommunen, korkje i innsatsområde eller medverknadsopplegg. Det er forståeleg at kommunen på eit så tidleg stadium i planprosessen har fokus på økonomi, folkesetnad og sentrums-, nærings- og bustadutvikling, men jordbruket sine areal er også næringsareal og grunneigarane forvaltar av store areal. Moglegheita til å få fram gode kompromiss i planlegginga vil ofte vera avhengig av tidleg medverknad og gode prosessar. Fleire kommunar har til dømes brukt medverknadsprosessar med landbruket til å planfesta areal til jordforbetring ved nytting av jord- og overskotsmassar, noko som har betydning både for landbruk og bygg- og anleggsbransjen, og som gir langt betre planlagde og kvalitetssikra løysingar enn til dømes dispensasjonar etter «bakkeplaneringsforskrifta».

I Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.2022 «Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming», kom Kinn kommune ut som ein av «verstingane» i perioden for førre nasjonal jordvernmål (2019). Kinn hadde ei årleg omdisponering mellom dei fire mest arealkrevjande kommunane i fylket med 36 daa/år, om lag 2,5 gonger det arealet kommunen burde halde seg innanfor om ein skulle bidra til å nå nasjonalt jordvernmål. Men sidan 2018 ser kommunen i følge Kostra-rapporteringa ut til å ha moderert omdisponeringa av jordbruksareal kraftig og ligg no godt innanfor dei kalkulerte 8 daa/år. Statsforvaltaren har illustrert som retningsgjevande i høve nytt nasjonalt jordvernmål for 2025, som skildra i «*Oppdatert jordvernstrategi*» i *Prop. 200 S (2020-2021)*, (*Jordbruks-oppgjøret 2021 m.m.*).

Kulturlandskap og dyrka jord er nemnt i 7.11. som høvesvis viktig ressurs og i form av ein graf som stadfestar betringa i statistikken av omdisponering i kommunen. Moglegvis er landbruket dekkja i ein annan plan til dømes «*Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald*», men eit fokus i samfunnsplanen ville likevel vera viktig, ikkje minst i føringane og medverknaden for arbeidet med den seinare arealdelen. Faktagrannlaget for planprogrammet skildrar arealstrategien som bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Der er fokus på at arealbruken skal bidra til at kommunen er «attraktiv og berekraftig», utan at omsynet til jordbruksareala og jordvernet er nemnt. I bolken «senterstruktur» bør ein ha med seg at halvparten av jordtapet i Noreg skjer i og nær tettstader (*Bardalen, NIBIO pres. 2022*). Også ambisjonane for næringsutvikling og bustadbygging kjem ofte i konflikt med jordvernet.

Statsforvaltaren rår til at Kinn legg opp til ein konkret arealstrategi, med både føringar for spreidd bustadbygging, bygging på dyrka mark osb, men også med vedtak om arealrekneskap i arealdelen, gjerne også med eit lokalt fastsett mål for jordvernet. Det er å pårekna at Statsforvaltaren vil etterspørja til dømes arealreserve for utbygging på jordbruksareal i arealplanprosessen, og dette gir ein god og konkret arealrekneskap gir både grunnlag for å vurdera gamle, unytta byggjeområde, samt eit verktøy for å sile ut nye innspel, både når det gjeld jordbruksareal og andre samfunnsinteresser.



Ifølgje SSB sin rapport Notat 2022/2 «Arealreserver i kommuneplaner for bolig- og næringsbebyggelse» har norske kommunar i snitt jordbruksareal tilsvarande 30 års jordvernmål i arealreserve i sine kommuneplanar, noko som ikkje burde vore naudsynt i planar med ei varigheit på 4-12 år. Statsforvaltaren har særleg peika på rettleiaren «Arealplanlegging på jærsk» frå Rogaland fylkeskommune ([https://www.rogfk.no/f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder\\_arealstrategi-og-jordvernmål\\_regaland-fylkeskommune\\_november-2021.pdf](https://www.rogfk.no/f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder_arealstrategi-og-jordvernmål_regaland-fylkeskommune_november-2021.pdf)) som døme og kanskje «best practice» på korleis spesielt implementering av arealrekneskap i kommuneplanprosessen bør forankrast i arealstrategien i samfunnsdelen, som grunnlag for gjennomgang av arealreserve, spesielt på jordbruksareal, siling av forslag og eventuelt kommunalt jordvernmål i arealdelen av kommuneplanen.

### **Natur og miljø:**

Kommunen har ein heilt sentral rolle i arbeidet med klima. Gjennom planlegging skal kommunen stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, økt miljøvennleg energiomlegging, samt bidra til at kommunen vert tilpassa eit klima i endring.

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktig at det er gjort ein overordna vurdering av om klimaendringane vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunen. I tråd med [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#), skal vurderinga skilje mellom forhold av betydning for arbeidet med kommuneplanens arealdel, og forhold av betydning for kommunesamfunnet som heilheit og organisasjon. Kommunen bør også gjera ei vurdering av korleis klimaendringane vil ha innverknad på samfunnsikkerheit, kritisk infrastruktur, natur – og kulturmiljø, folkehelse og næring.

Eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag må leggjast til grunn for klimaplanlegginga. Planlegginga må byggja på kunnskap om noverande situasjon og framskrivingar om utslepp og energibruk. Ved vurdering av konsekvensane klimaendringane kan få for Kinn kommune må høge nasjonale klimaframskrivingar leggjast til grunn. Kommunen viser til klimaprofil for fylket, det er eit viktig grunnlag for vidare planarbeid. Vi viser til miljødirektoratet sine rettleiarar for å ivareta omsyn til klima i planlegginga, som kan vere nyttige i arbeidet med samfunnsdelen, [klima- og energiplanlegging](#) (reduksjon av utslepp) og [korleis ta omsyn til klimaendringar i plan](#) (klimatilpassing).

Det er bra at klima er eit av satsingsområda til kommunen, med «*Klimafotavtrykket vårt, berekraftig forbruk og grøn konkurransekraft*». Vi saknar likevel at klimatilpassing og naturmangfald er tydelegare framheva i planprogrammet, og vi vil rå kommunen til å leggja vekt på klimatilpassing og vareta naturmangfaldet i planarbeidet. Statsforvaltaren ønskjer å trekkje fram at klima og naturmangfald i mange tilfelle heng tett saman, og må sjåast i samanheng. Særleg gjeld dette naturbaserte løysingar for klimatilpassing, men også for utsleppsreduksjon, med karbonrike areal. I tråd med planretningslinjene for klima, energi og klimatilpassing bør kommunen i arbeidet med samfunnsdelen få oversikt over økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing og karbonlagring, som myr, våtmarker, elvebreidder og skog, og sikre at desse områda vert varetatt. Kommunen bør også vurdere restaurering og etablering av naturbaserte løysingar.

Vi rår kommunen til å setja tydelege mål i samfunnsdelen som gjeld reduksjon av klimagassutslepp, energi og klimatilpassing, og skildre korleis kommunen skal sikra at måla vert nådd. Kommunen har temaplan for klima, berekraft og naturmangfald 2021-2032, i den er det tydelege ambisjonar knytt til både utslepp og arealforvaltning. Det er også planlagt utarbeiding av ny temaplan for klima, berekraft og naturmangfald i 2024. Det er viktig at det er tydeleg kopling mellom temaplanen,



samfunnsdel og arealdel i kommuneplanen, så omsyn til klima og miljø vert i sikra i samfunnsutviklinga og arealforvaltninga.

Kommunen skal ha fokus på klima og miljø i arealstrategien. Det er positivt at kommunen har mål om å vera arealnøytral, skal ta i bruk arealrekneskap, vil ha ombruk av areal og tilbakeføre areal frå utbyggingsføremål. Kommunen har også strategi for betre utnytting og fortetting i utbygde område, og styrka viktige blå-grøne samband. Vi ser det som viktig at kommunen også har arealstrategi som går meir direkte på klimatilpassing og reduksjon av klimagassar, som å sikra naturbaserte løysingar for klimatilpassing, og ivareta karbonrike areal. Strategi for berekraftig forvaltning av naturtypar og artar bør også vere med.

### **Samfunnstryggleik og beredskap:**

Statsforvaltaren ser generelt eit behov for større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane. Det gjeld òg i kommunane sine planprosessar etter plan- og bygningslova. Det er gjennom gode planprosessar ein legg grunnlaget for eit godt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. I så måte er planstrategien, og ikkje minst kommuneplanens samfunnsdel, sentrale dokument å forankre dette arbeidet i. Det er nettopp her kommunen kan gjere greie for utfordringar, strategiske val og prioriteringar.

Som eit minimum bør kommunen følgje opp dei forventningane som går fram av [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#).

Med omsyn til kva planstrategien bør innehalde, står det m.a.:

*«Planstrategien bør beskrive utviklingstrekk, utfordringer og strategiske valg tilknyttet samfunnssikkerhet jf. plan- og bygningsloven § 10-1. I den kommunale planstrategien bør kommunen ta stilling til behovet for å revidere helhetlig ROS-analyse og overordnet beredskapsplan etter sivilbeskyttelsesloven med tilhørende forskrift. Kommunen kan i planstrategien også prioritere å utarbeide en egen kommunedelplan for samfunnssikkerhet. For eksempel kan helhetlig ROS-analyse utarbeides som en kommunedelplan. Plan for oppfølging kan utgjøre handlingsdel til en slik plan. I den kommunale planstrategien bør kommunen ta stilling til hvilke gjeldende arealplaner som bør revideres ut fra hensynet til samfunnssikkerhet. Kunnskap om nye risiko- og sårbarhetsforhold, eller andre forhold som det tidligere ikke har vært tilstrekkelig kunnskap om, kan gi behov for å revidere planer. Særlig vil slik kunnskap kunne tilføres ved kommunens utarbeidelse og oppdatering av helhetlig ROS-analyse, jf. sivilbeskyttelsesloven og tilhørende forskrift om kommunal beredskapsplikt. Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 bokstav b) har kommunen plikt til å vurdere om forhold som er avdekket i helhetlig ROS-analyse bør integreres i planer og prosesser etter plan- og bygningsloven.»*

Jf. lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret med tilhørende forskrift om kommunal beredskapsplikt, skal den heilskaplege ROS-analysen reviderast minimum kvart fjerde år, medan beredskapsplanen skal reviderast årleg. Tilsvarande skal òg andre krav til kommunane sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid gjeve i ulik sektorlovgeving følgjast opp, t.d. innan brann og redning, helse og omsorg, HMS osb. Følgjeleg må desse oppgåvene omtalast i planstrategien. Vi registrerer at Kinn kommune har nemnt heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan i planprogrammet, men utover dette kan vi ikkje sjå at kommunen i særleg grad har planar om å følgje opp forventningane i H-5/18. Vi oppmodar difor kommunen om å leggje til grunn forventningane i H-5/18 for det vidare arbeidet.





Tilsvarande har H-5/18 òg forventningar til kommuneplanens samfunnsdel, m.a. står det følgjande:

*«I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen kartlegge langsiktige utfordringer tilknyttet samfunnssikkerhet, og fastlegge mål og strategier for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet jf. § 11-2. Eksempel kan være plan for vannhåndtering. Fastsettelsen av mål og strategier skal baseres på funn fra helhetlig ROS-analyse og plan for oppfølging. Arealstrategien i den kommunale planstrategien vil også være en viktig premis for oppfølging av temaet samfunnssikkerhet i samfunnsdelen. Kommuneplanens samfunnsdel og en eventuell kommunedelplan for samfunnssikkerhet skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende årene eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig. Det er viktig at tiltak som omhandler samfunnssikkerhetsmessige utfordringer forankres i kommuneplanens handlingsdel, siden denne prioriterer, planlegger og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer. Arbeidet med økonomiplanen kan samordnes med kommuneplanens handlingsdel, forutsatt at kravene i både plan- og bygningsloven og kommuneloven etterleves. Dersom arbeidet med samfunnssikkerhet utløser utgifter, må dette innarbeides i økonomiplanen slik at det gis et reelt handlingsrom til å foreta arbeidet. Økonomiplanen skal blant annet gi en realistisk oversikt over prioriterte oppgaver i planperioden.»*

Eit sentralt element i samfunnstryggleiksarbeidet er å ta stilling til kva risiko og sårbarheit ein er viljug til å akseptere innan ulike område og på ulike nivå. Når det gjeld kommunen sitt planarbeid generelt og arealplanar i sær, vil Statsforvaltaren til orientering òg vise til følgjande utdrag frå H-5/18:

*«For noen tema er det fastsatt en akseptabel risiko i lov eller forskrift. Dette gjelder for eksempel flom, stormflo, skred og flodbølge som skyldes skred, der sikkerhetsnivå er fastsatt i byggt teknisk forskrift. For andre risikomomenter vil grensen mellom akseptabel og uakseptabel risiko måtte fastsettes i planen, for eksempel som hensynssoner med bestemmelser. Kommunen som planmyndighet må i så fall aktivt ta stilling til hvilken risiko planen aksepterer. Beslutningstakerne må vurdere hvilken risiko som kan aksepteres på bakgrunn av fagkyndige vurderinger. Fagkyndige vurderinger kan ikke alene gi rammene for akseptabel risiko. Aksept av risiko i planen er resultat av lokal skjønnsmyndighet, og av ikke lov eller forskrift.»*

Vi viser i den samanheng òg til [Meld. St. 5 \(2020-2021\) Samfunnssikkerhet i en usikker verden](#) der det m.a. står:

*«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst (**Red. mrk.: I teksten under markert med utheving og understreking**): Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. **Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko.**»*

Heller ikkje her kan vi sjå at kommunen i særleg grad følgjer opp nasjonale forventningar til ivaretaking av samfunnstryggleik og beredskap i planprogrammet for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel.

I praksis medfører det at kommunen langt på veg vil mangle eit heilskapleg og overordna styringsdokument for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Sett i lys av kva samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige utfordringar og ansvar ein kommune normalt har, finn Statsforvaltaren det urovekkande at Kinn kommune har ei så «passiv» tilnærming til temaet.





Det gjer ikkje saka betre at kommunen viser til m.a. «Statlege nasjonale forventningar 2019-2023» og vidare skriv at «Vi er trygge» skal vere ein av fire verdiar ein skal ha fokus på i alle innsatsområde.

### **Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging:**

Kommunen har i det vesentlege eit busettingsmønster med to byar, Måløy og Florø, der det er tett utbygging, og elles er det stort sett spreidd busetjing i bygder og mindre tettstadar. Samfunnsdelen har fokus på utbygging i heile kommunen. Kommunen ønskjer å nytta fordelene ved at dei har god plass og at dei har byane Florø og Måløy med urbane kvalitetar. Det skal vektleggjast spreidd utbygging i allereie utbygde område og tettare utbygging i dei større bygdene. Kommunen bør ta stilling til kvar ein skal tillate framtidige bustadfelt, og då særleg avgrense spreidd bustadutbygging i LNF-område. Statsforvaltaren vil presisera at utbyggingsmønsteret må samsvara med intensjonane i dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Det er viktig at ein utgreier dette grundig, og mellom anna grunnjev defineringa av sentrumsområdet godt i kommuneplanens arealplan.

### **Strandsoneforvaltning:**

Kinn kommune er ein kystkommune med mykje strandsone. Det er difor viktig at kommunen avklarar arealdisponeringa i strandsona gjennom kommuneplanarbeidet, slik at omsyna til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. § pbl. 1-8, vert ivaretekne. Vi føreset at kommunen er restriktiv med å opne for nye byggjeområde ifrå før meir eller mindre ubygde strandområde, og viser til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (fastsett 28.05.2021), både den generelle delen i kap. 6 og til kapittel 10 med konkrete retningslinjer for kommunar med mindre press på areala. Kommunen skal som kjent leggja desse retningslinene til grunn for arealplanlegginga. Viss det skal opnast for bygging av t.d. bustader eller næringsverksemd som må liggja i tilknytning til strandsona, er det nettopp gjennom ei heilskapsplanlegging at ein kan velja ut prioriterte område for utbygging.

Vi ønskjer elles lukke til med det avsluttande planarbeidet!

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN